



Knut Willie Jacobsen  
Lurevegen 304  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18250 - 20/74291

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
20.11.2020

## Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 24/78 Fammestad

**Tiltak:** Etablering av mur  
**Byggestad:** Høghøyen 24 – gbnr 24/78 Fammestad  
**Tiltakshavar:** Grethe Jorunn Andvik  
**Ansvarleg søkar:** Knut Willie Jacobsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstandskrav på 4,0 meter til kommunalt leidningsnett – Gbnr 24/78 Fammestad.

### Sakutgreiing:



#### Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å plassere gråsteinsmur langs kommunal veg. Vi er kjent med at det ligger kommunale leidningar i den kommunale vegen og søker derfor dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett. Muren skal oppførers som tørrmur av stor stein og forsynes med eit 0,9 meter høgt gjerde på toppen.

#### Vurdering/drøfting:

Det vert søkt om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett med ei minste avstand frå kommunalt leidningsnett på 1,0 meter. I søknad er avstand opplyst til å være 1,7 meter. Denne avstanden er målt inn etter avløpsleidning. Overvassnett ligg delvis i veggrøft og i vegkant. Vi har avtalt med utførande entreprenør om å sette minste avstand til 1,0 meter.

Tiltakshavar ønskjer å få sett opp mur for å få ei betre utnytting av tomt, samt sikre eigedom og trafikk i kommunal veg.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50  
00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og kommunalt leidningsnett skal være minimum 1,0 meter. Avstand skal sikre at kommunen kan nytte gravemaskin ved arbeid på kommunalt leidningsnett.
- Mur skal være fundamentert direkte på fast fjell eller under botn leidningsnett. Krav til fundamentering skal sikre at mur ikkje rasar ut ved arbeid på kommunal veg og kommunalt leidningsnett.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett er at det vert gitt dispensasjon frå regulert byggegrense. Mur må være utforma slik krav til sikt i avkjørsle/ regulert vegkryss vert stetta.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på mur som vert plassert innanfor avstandskrav på 4,0 meter. Dersom det under arbeid på veg eller kommunalt leidningsnett oppstår skader på mur, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av mur skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

### Heimel

Vedtaket er eit enkeltvedtak som er fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser avsnitt 3.4. Kommunen sett i vedtaket krav til både avstand og fundamentering. Krava skal sikre tilkomst til leidningsnett og sikre at det ikkje er fare for at tilaket raser ut ved arbeid på kommunalteknisk anlegg.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvalning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Grethe Jorunn Andvik

Høghøyen 24

5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen

Lurevegen 304

5912

SEIM